

Spørsmål om oppslag i pasientjournal

I tilgangsloggen på helsenorge.no kan du normalt sjå kvifor helsepersonell har slått opp i din pasientjournal. I dette skjemaet kan du be om ytterlegare opplysningar.

Det kan vere både administrative og helsefaglege grunnar til at tilsette gjer oppslag i ein pasientjournal. I samanheng med behandling på sjukehuset, blir pasientjournalen brukt til å planlegge og dokumentere behandling. I tillegg blir pasientjournalen brukt til administrativt arbeid, internkontroll og kvalitetssikring.

Forenkla tilgangslogg

Alle dokumentoppslag blir registrert i tilgangsloggen, men utskrift av tilgangsloggen vil frå nokre sjukehus vere ein såkalla «forenkla tilgangslogg». Det vil seie at du får namna til dei som har lese eller skrive journaldokumenter, men ikkje nødvendigvis namn på alle dei som har arbeidd i pasientjournalen.

Tilsette skal ha ein grunn for å opne pasientjournalen din. Vær merksam på at fleire enn dei du sjølv traff på sjukehuset kan ha behov for å arbeide i pasientjournalen din. Det kan derfor ha vore gjort mange oppslag i pasientjournalen.

Personopplysingar	
Namn:	Fødselsnummer (11 siffer):
Evt. tidlegare namn:	
Folkeregistrert bustadadresse/postadresse:	Telefonnummer:

Informasjon frå tilgangsslogg

Kva oppslag ønskjer du informasjon om?

Dato for oppslaget <i>(dd.mm.åååå)</i>	
Namn på person <i>Namn på personen som har gjort oppslaget</i>	
Arbeidsstad <i>Arbeidsstad vises i tilgangssloggen på Helsenorge i kolonnen «Persontilhørighet»</i>	

Spørsmål om oppslaget:

Her kan du forklare nærmare kva du lurar på

Stad, dato: _____ Underskrift: _____